



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombord**

Besøksadresse  
Skinnarbu  
3661 Rjukan

Postadresse  
Postboks 2076  
3103 Tønsberg

Kontakt  
Sentralbord +47 33 37 10 00  
Direkte +47 953 00 640  
fmvtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-  
Vindeggen landskapsvernombord

---

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2022/3006 - 432.2

Dato 27.05.2022

## Protokoll 25.05.22

---

Sakene: 7/22 - 11/22  
Møtestad: Nutheim Gjestgiveri, Seljord  
Dato: 25.05.22

---

**Følgjande medlemmer deltok:**

Audun Dølen  
Marianne Vadder  
Baiba Sheine  
Steinar Bergslund

---

**Følgjande varamedlemmer deltok:**

---

**Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:**

---

Sven Tore Løkslid møtte ikkje.

---

**Følgjande fra administrasjonen deltok:**

Kristian Kvaalen Herregården

---

Audun Dølen  
Leiar

**Godkjenning av møteprotokollen:**



**Sak 7/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

**Sak 8/22                    Søknad om utskifting av lågbru med ny betongelementbru nedstrøms dam  
ved Vindsjåen i Hjartdal kommune – Skagerak Kraft AS**

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Med heimel i verneføresegna kap. IV punkt. 2.2 gjev verneområdestyret Skagerak Kraft AS løyve til utskifting av lågbru med betongelementbru nedstrøms hovuddammen ved Vindsjåen, som beskriven og søkt i søknad dagsett 20.04.22.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal skje på barmark.
- Når anleggsverksemda er avslutta, skal området vere pussa og det skal ikkje deponerast masser på staden.
- Arbeidet skal skje så skånsamt som mogleg. Dette gjeld både av omsyn til verneverdiane, men også av omsyn til anna aktivitet og interesser i området.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som viser plassen når den er ferdig. Dette sendast verneområdestyret seinast to månader etter at arbeidet er ferdig.
- Skulle det dukke opp villrein, skal anleggsverksemda stanse opp.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuelle andre naudsynte løyve må tiltakshavar sjølv innhente.

Det kan klages på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje startast før klagefristen er ute. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Skagerak Kraft AS v/ Guttorm Dyrland.

Handsaming i verneområdestyret:

Det ble ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Med heimel i verneføresegna kap. IV punkt. 2.2 gjev verneområdestyret Skagerak Kraft AS løyve til utskifting av lågbru med ny betongelementbru nedstrøms hovuddammen ved Vindsjåen, som beskriven og søkt i søknad dagsett 20.04.22.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal skje på barmark.
- Når anleggsverksemda er avslutta, skal området vere pussa og det skal ikkje deponerast masser på staden.
- Arbeidet skal skje så skånsamt som mogleg. Dette gjeld både av omsyn til verneverdiane, men også av omsyn til anna aktivitet og interesser i området.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som viser plassen når den er ferdig.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombordet**

Dette sendast verneområdestyret seinast to månader etter at arbeidet er ferdig.

- Skulle det dukke opp villrein, skal anleggsverksemda stanse opp.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Eventuelle andre naudsynte løyve må tiltakshavar sjølv innhente.

Det kan klages på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke, og eventuelt arbeid kan ikkje startast før klagefristen er ute. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Skagerak Kraft AS v/ Guttorm Dyrland.

**Sak 9/22                    Klage på vedtak - søknad om å bore etter vatn og gravearbeid for å etablere gråvatnanlegg og vakuumtoalett på Myklestul gnr. 110 bnr.2 og 5 i Hjartdal kommune – Hedda Kleppen**

Sakshandsams framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet kan ikkje sjå at klaga frå Hedda Kleppen inneheld nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket i verneområdestyret frå 24.03.22.

Vedtaket vert ståande og saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtak vert sendt Hedda Kleppen.

Handsaming i verneområdestyret:

Verneområdestyret kom med forslag om at det presiserast i vedtaket at handsaming er gjort etter naturmangfaldslova § 48.

Vedtaket blir då sjåande slik ut:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet kan ikkje sjå at klaga frå Hedda Kleppen inneheld nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket gjort etter NML § 48 i verneområdestyret frå 24.03.22.

Naturmangfaldslova § 48 opnar for at det kan gjevast tillating dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Verneområdestyret meiner at dette konkrete tiltaket ikkje vil vere i strid med verneverdiane eller påverke verneføremålet nemneverdig, og fordelane ved tiltaket vurderast å vere større enn ulempene.

Vedtaket vert ståande og saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtak vert sendt Hedda Kleppen.



**Verneområdestyret for  
Brattefjell-Vindeggen  
landskapsvernombordet**

**Samrøystes vedtak i verneområdestyret:**

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet kan ikkje sjå at klaga frå Hedda Kleppen inneheld nye vesentlege moment som kan gje grunnlag for å gjera om på vedtaket gjort etter NML § 48 i verneområdestyret frå 24.03.22.

Naturmangfaldslova § 48 opnar for at det kan gjevast tillating dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Verneområdestyret meiner at dette konkrete tiltaket ikkje vil vere i strid med verneverdiane eller påverke verneføremålet nemneverdig, og fordelane ved tiltaket vurderast å vere større enn ulempene.

Vedtaket vert ståande og saka sendast til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Vedtak vert sendt Hedda Kleppen.

**Sak 10/22              Eventuelt**

**Referatsaker:**

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte vedtak sidan førre styremøte.

Besøksstrategi for verneområdet er endeleg fagleg godkjent hjå Miljødirektoratet. Neste steg vil vere å sende ut forslag til besøksstrategi på 6 vekers høyring.

Verneområdeforvaltar orienterte styret om at det ikkje vil bli opna for villreinjakt i Brattefjell-Vindeggen i 2022, grunna at bestanden er mykje redusert og ligg langt under bestandsmålet på 550 dyr.

I regi av Norsk Villreinsenter Sør har arbeidet med kvalitetsnorm for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet starta opp. Verneområdeforvaltar sit i arbeidsgruppa.

Verneområdestyret har eit ønske om få til ein relevant og fagleg nytig studietur i løpet av inneverande styreperiode. Styret og forvaltar undersøker vidare konkrete moglegheiter for dette.

**Sak 11/22              Neste møte**

Det kan bli aktuelt med eit oppsamlingsmøte før sommarferien. Forslag til møte er onsdag 29. juni på Teams.

Med helsing

---

Kristian Kvaalen Herregården  
seniorrådgiver